

PROTOKOLL STYREMØTE SFT

Dato: 11. september

Stad: Thon hotell, Skei

Tid: kl. 17.00

Desse møtte: Siv Merete Stadheim, Silje Vallestad, Irene Lunde, Tor Magne Gangsøy, Odd Henrik Berge, Ron Overdevest, Vigdis Flaten Kvamme og Lars Røyarhus. Karen Weichert tok del i møtet på telefon.

Sak 28 Innkalling styremøtet vart godkjent.

Sak 29 Referat styremøtet 14. mai vart godkjent.

Sak 30 **Orienteringssaker**

Dagleg leiar orienterte om gjennomførde og planlagde oppgåver utført ved administrasjonen.

Prosjektleiar born og unge, Jette Bergfjord, slutta i jobben 31. august, for å ta til i ein 100 % jobb i Telemark. Marie Sørum tek til i framhald prosjektjobb frå 1.10.19.

DL og prosjektleiar har levert rapportar søknader stiftingar og sendt nye søknader til stifting Sparebanken, Gjensidige og Bjørstad.

Adm. har gjennomført nokre av oppsette kurs, men diverre er fleire avlyst grunna få påmelde.

Alle 3 BaseCampane er arrangerte og har hatt god deltaking og gjennomføring.

SFT har eit nytt lager i samarbeid med lokallaget IST. Syklar, ski og diverse utstyr for utlån er lagra der og er lett tilgjengeleg.

DL skal i budsjettmøte med adm. nye fylkeskommunen og leggje fram søknad om nye driftsmidlar 2020. Dato ikkje bestemt.

Styreleiar og DL er påmeld styreleiarssamling på Hamar 26.-27. oktober.

Planlegging turprogram, årsmelding SFT og turmagasin er starta.

Kontoret har avgrensa opningstid i september.

Styreleiar informerte om opning Nye Tungestølen turlagshytte fredag 6. september.

H.M. Dronning Sonja opna Nye Tungestølen Turisthytte. I tillegg var det helsingar og mykje god underhaldning ute i det fri på hytteområdet.



Styreleiar og DL representerte SFT på opninga, og Siv Merete overrekte gåve og helsing under samlinga i felleshuset. Eit omfattande og stort arbeid er lagt ned av dei frivillige i Luster Turlag, for å halde tidsplan og skaffe midlar til oppbygging tre av husa. Ei spanande og god turisthytte er på plass og sidan 1957 er Nye Tungestølen den fyrste betente DNT-hytta som er bygd.

Pilgrimsled langs kysten

Styreleiar var invitert av soknerådet i Flora til felles møteplass 22. august i høve pilgrimsled. Det er ynskjeleg med ei vandrerute lang kysten vår. Selja, kyrkja på Kinn, Kvernsteinsparken i Hyllestad og Tusenårsstaden i Gulen er aktuelle turmål i denne leia, som alt er under etablering.

Utvala orienterar

Naturvernutvalet v/ Ron

DNT Vest vitja Stortinget fredag 14. juni før stortingsval og informerte om vindkraft til vestlandsbenken.

Ron og Anita deltok på folkemøte vindkraft Sande i Gaular den 12. juni.

Leiar utval deltok på stand den 22. juni i Kvernsteinsparken i Hyllestad

Ron møtte på grendalagsmøte vindkraft i Guddal 5. juli

Bremangerlandet hadde folkemøte den 8. august, Ron var invitert og stort oppmøte.

Anita deltok på folkemøte Sande i Gaular i høve vindkraftutbygging den 14. august

Ron deltok på torgdag 10. august i Dale.

Fråsegn er sendt i høve MTA plan, Lutelandet.

DNT Vest skal vitje klima- og miljødepartementet snart, men dato er ikkje fastsett. Til høyringsfråsegna til nasjonal ramme for vindkraft treng FNF informasjon om viktige friluftslivsområde innanfor de tre føreslegne analyseområda. Utvalsmedlemer hjelper til med informasjon i høver turpostar, stiar og turkart.



Ungutvalet v/ Lars

Utvalet har hatt skypemøte.

Planlagde infobesøk ved ungdomsskular ikkje gjennomført og liten respons frå skulane.

Kom framlegg i møtet om, at sjukepleiarskulen i Førde kan vere ein plass å prøve å få til aktivitet.

Framlegg frå styret om å hjelpe dei som alt har aktivitet i unglag og støtte opp på arrangement/turar og organisering.

Lars tek kontakt med Marie Sørum etter oppstart prosjektjobb 1.10 og samordnar ansvar og arbeidsoppgåver ungutval.

Lars er påmeld DNT sin utdanningskonferanse i Myrkdalen 11.-13. oktober og det blir ungsamling søndagen. Lars prøver få med andre frå utvalet og felles transport.

Kurs- og Fjellsport v/ Vigdis

Leiar KFU orienterte om gjennomførte kurs 2019.

Skredkurs, Jostedalen – 6 deltakarar

Introkurs, randonee, Jølster – 6 deltakarar

Ambassadør/grunnleggjande, Sylvarnes- 8 deltakarar

Klatrekurs, Sagefloten- 5 deltakarar

Introkurs kajakk, Sogndal – 4 deltakarar

1 klatrekurs, 1 kajakkurs og 2 turleiarkurs blei avlyst grunna få påmelde.

Deltakarar på turar/ kurs går ned. Forslag om at SFT vèl ein tur som DL kan marknadsfører på FB pr veke, etter ein god geografisk fordeling

Kurs 2020

KFU ynskjer å fortsetje med dei same kursa som i 2019. Utvalet arbeidar med eit sommarturleiarkurs i samarbeid med Ålesund og Sunnmøre Tf. To helgesamlingar og 1 bolk i SFT sitt turområde og 1 bolk i Åst sitt område.



Samarbeid

Ei regional samling hjå Sandra Hove i oktober/november. Der vi overnattar i lavvo/telt og arrangerar turar. Sandra kjem tilbake med dato og program. KFU ynskjer å invitere med Bergen og Hordaland Turlag.

KFU vil lage til ei turleiarsamling, der alle turleiarane samlast. Sosialt samvær med mat om kvelden. Dagen etter vert det øving i bruk av sendar/mottakar, litt førstehjelp i fjellet og korleis grave seg ned. Denne samlinga ønsker dei å arrangere i Jølster. Samlinga vert etter at snøen har kome, rett før vintersesongen begynner.

KFU vil arrangere ein lågterskeltur med overnatting ute. Overnatte i hengekøye og enkel mat på bål.

KFU vil delta på skredvettdagen 9. februar. Fleire stader er aktuelle å arrangere, som Langeland skisenter, Blomlia skisenter eller Jølster skisenter.

KFU vil arrangere tur til Melsnipa i mai. (Jarle og Vigdis)

Vigdis, Rune og Roy er påmelde DNT si utdanningskonferanse i Myrkdalen 11.-13. oktober.

Sak 31 Rapport frå arbeidet i regionaliseringsgruppa

Silje og Irene informerte om arbeidet i regionaliseringsgruppa og om m.a. innhenting aktuell data frå foreiningane i Trøndelag, BHT, Voss og ÅST.

Det blei vist til dokumenta som ligg i office i høve statistikk (aktuelle foreiningane inkl. SFT), økonomioversikt SFT/lokallaga og samanlikningstabell (ikkje klargjort) for dei ulike modellane.

Arbeidsgruppa held fram sitt arbeid i høve fellessamlinga og førebur ei innleiing, gruppearbeid og oppsummering gruppearbeid.

Sak 32 Fellesmøte SFT 2019 16.-17. november

Styreleiar gjekk gjennomgang framlegg program og gjorde små justeringar i samråd med styret.

Endeleg program blir sendt ut i slutten av september i lag med dokumenta frå regionaliseringsgruppa.



Generalsekretær Dag Terje Klarp Solvang og fagsjef samfunn og myndighetskontakt, Simen Rommetveit Halvorsen tek del på samlinga og har innlegg søndag.

SFT har styremøte **fredag kveld 15.11 kl. 18.**

Sak 33 Retningslinjer for SFT si valnemnd.

Vedtak: Styret sitt framlegg, Retningslinjer for SFT si valnemnd, blei vedteken.

Sak 34 Økonomi. Gjennomgang periodisert budsjett/rekneskap SFT

DL gjekk gjennom halvårsrekneskapen SFT, 2. kvartal. 2. kvartal hadde inntekter på 2,122 mill og kostnader på 1,615 mill og eit driftsresultat på 0,507 mill. Jf. periodisert rekneskap utgjer dette eit driftsresultat for 2. kvartal på kr 23 767,-.

Det blir sendt ut i e-post til styret periodisert rekneskap/budsjett 3. kvartal fyrst i oktober.

Styret tek halvårsrekneskapen SFT 2019 til orientering.

Sak 35 Førebuing årsmøte SFT 2020

Framlegg årsmelding SFT 2019 vert skriven av DL i samråd med styret.

Framlegg handlingsplan SFT 2020 vert utforma av Siv Merete og Tor Magne og framlagt styret.

Aktivitetsplan 2020 vert utforma av DL i samråd med KFU og styret.

DL sender ut e-post til lokallaga, om moglege vedtektsendringar SFT, med svarfrist 1.12.

Sak 36 Ymse

Neste styremøte vert fredag 15. november på Gloppen hotell kl. 18.00

Referent: Astrid Kalstveit

